

# Velkommen til Ungdommens fylkesting 2014

Det er ein glede å ynskje deg og alle dei andre delegatane, observatørane og gjestane velkomen til Ungdommens fylkesting 2014. I år er det Voss og Fleischers hotell som er staden for møtet mellom engasjerte ungdom frå heile Hordaland. Det er mange som kjem til Ungdommens fylkesting for første gong i år og Ungdommens fylkesutval oppmaner alle til å syte for at både nye og «gamle» deltakarar får ein hyggeleg helg.

Du får ein del dokument med denne mailen som er meint for å førebu deg til Ungdommens fylkesting. Her er ein oversikt over dokumenta:

1. **Program:** Her får dykk ein oversikt over kva som skal skje i helga, med tidspunkt. Viktig å notere seg her er start og slut.
2. **Dagsorden:** Dette er oversikta over sakane som vert handsama på Ungdommens fylkesting. Viktig å notere seg her er at dei fleste sakane vert handsama under konstitueringa, som skjer allereie før lunsj på laurdag. Så dersom du har alternative forslag på nokre av desse sakane må du vere klar til å fremje dei under konstituering.
3. **Forretningsorden:** Dette seier noko om korleis sakshandsaminga skjer og korleis du teiknar deg til debatt, osv. Denne trer i kraft under konstitueringa.
4. **Årsmelding, rekneskap og budsjett:** Det er i årsmeldinga UFU fortel om kva dei har jobba med i løpet av 2013. Rekneskapet visar korleis dei har brukt pengane i 2013 og budsjettet fortel korleis dei føreslår at ein skal bruke pengar i 2014. Årsmeldinga og rekneskapet skal godkjennast, mens budsjettet skal verte vedteken av UFT. Det er fullt mogleg å stille spørsmål til heile dokumentet om ein har nokre.
5. **Handlingsprogram 2013:** Dette er handlingsprogrammet som UFU har jobba etter i 2013, vedteken på UFT 2013.
6. **Ungdommens planprogram 2014:** Dette er UFU sitt forslag til nytt handlingsprogram for 2014. Det vil vere mogleg å kome med endringsforslag uansett kva program som vert teken med vidare. Prosessen for korleis dette skal gå føre vil verte forklart på UFT.
7. **Mandat for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval:** Hordaland fylkesting har vedtek mandat for UFT og UFU. Dette er berre til orientering.
8. **Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval:** Hordaland fylkesting har vedteke reglement (tidlegare vedtekter) for UFT og UFU. Dette reglementet er allereie tredd i kraft og vil styre UFT 2014.
9. **Ungdommens fylkesting frå A til Å:** Her er ein del forklaringar til språket som vert brukt på UFT og som kan vere bra å kjenne til før du kjem til Voss.

Det vil vere ein fordel om du les igjennom desse dokumenta før du kjem til UFT. Det vil og vere ein fordel om du kan diskutere dei med ungdomsrådet ditt slik at du veit kva dei meiner om sakane og kva du bør røyste, eventuelt om du skal fremje eit forslag. Alt vert trykt opp og delt ut på UFT, så du treng ikkje ta det med deg om du ikkje vil.

På laurdagen kjem valkomiteen til å prate med alle som ønskjer å delta i Ungdommens fylkesutval i 2014. Alle som er delegatar på UFT har moglegheit til å stille til val. Å vere medlem i UFU er givande, spennande og lærerikt, men kan og vere tidskrevjande i periodar. Tenk gjennom om det er noko for deg og meld din interesse for valkomiteen dersom du er interessert. Du får informasjon om korleis det går føre på UFT. Dersom du har nokre spørsmål om det å delta i UFU er det berre å spørje dei som sit der nå, gjennom UFT si facebook-side eller på mail til: [ungdommens.fylkesutval@hfk.no](mailto:ungdommens.fylkesutval@hfk.no).

Det vil vere trådløst internett i møtesalen og det kan vere ein fordel å ta med seg ein laptop eller eit nettbrett slik at du kan sende inn forslag elektronisk.

Det er fint om alle tek med seg fine klede til middagen på laurdagen. Og om du har noko allergiar eller anna hotellet må vere klar over er det fint om du gjer beskjed på mailen under.

Registreringa på laurdagen byrjar allereie kl 10 og sjølv programmet byrjar kl 11. Dersom dykk ser at det ikkje er mogleg å kome før kl 11 ber eg om at du seier i frå til meg på mail [ingeborg.borgen.takle@hfk.no](mailto:ingeborg.borgen.takle@hfk.no).

Da er det berre å ynskje dykk god lesing og god tur til Ungdommens fylkesting 2014!

Med vennleg helsing,

**Ingeborg Borgen Takle**  
Rådjevar  
Hordaland fylkeskommune